

>>> RELIGIØST VILLNIS <<<



For ein livsamatør er det ikkje mykje eg forstår når det gjeld religiøsitet. Mange har funne sitt ankerfeste, mens eg berre ser eit villnis av moglegheiter. Janne la ikkje skjul på at Vårherre aldri gav henne svar, så når vi starta vår bohemitid i Vestfold, melde ho seg ut av Statskyrkja. Det greske ordet Psyke betyr sjel, personifisert som ei lita kvinneskikkelse med vengjer, men også sommerfugl. Ex Libris`en vart difor slik. Janne var ein ivrig boklesar; romanar, noveller og biografier. I bokhylla mi står, etter mora, «Verdens store religioner», Janne noterte året den utkom, ikkje kjøpsdato. Mora, særst reflektert, var fascinert av Buddhismen, som ikkje byggjer på ein guddom, men eit menneske av kjøtt og blod: Siddhartha Gautama levde på 400-talet f.Kr. og blei 80 år, ein indisk prins som opplevde si *oppvakning*, Buddha betyr «den oppvaknande».

Eg tenkjer på religionar elles, påbod dei tviheld på, ting som for meg ikkje har noko som helst med tru å gjere, og ikkje gir meining i samanhengen: intime deler i skaparverket som må skjerast bort eller korrigerast, mat ein ikkje kan spise, eller dyr som er ureine. Dei største religionane har for øvrig ein lang fortid av krigar og vold. Eg sjekka litt om Buddhismen, 14.000 i Noreg, eit medlemskap koster ingenting, men utløyser eit statleg bidrag, alle grupper og enkeltpersonar samlast i Buddhistforbundet. I ein liten video seier ein buddhistmunk: «*Essensen i buddhismen er godhet*». Det lille symbolet her har eg sjølv nytta i mange år: **kjærleiksrosa >>>**

